



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
22.11.2016
Dykkar dato
07.07.2016

Vår referanse
2016/9457 561
Dykkar referanse
13/4021

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale til konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing for bygging av Løkjelsvatn kraftverk, Litledalen, Etne kommune.

Fylkesmannen er positiv til søknad om oppgradering og utviding av eksisterande kraftverk i Litledalen. Nytt manøvreringsreglement vil kunne sikre verneverdiane i Etneelva på ein god måte. Vi legg til grunn at utslipp i tilknytning til utbygginga vert regulert etter forureiningslova. Omsyn til landskap og friluftsliv må vektleggjast.

Vi viser til søknadsdokument og utsett høyringsfrist. Prosjektet er omarbeidd etter at utgreiingsprogrammet var på høyring i 2013, jf. forslag til prosjekt «Nye Etne» i Litledalen.

Utbyggingsprosjektet som no ligg føre omfattar oppgradering og utviding av dei eksisterande Hardeland og Litledalen kraftverk. I staden for å rusta opp dagens anlegg vil ein byggje ny vassveg og ny kraftstasjon. Produksjonsgevinsten ved nytt anlegg vil vere om lag 20 GWh/år.

Kort om planane

Vatnet frå Løkjelsvatnet skal førast inn i ny røyrgate direkte ned til Litledalsvatnet og ny kraftstasjon i fjell. Teknisk infrastruktur omfattar tilkomsttunnel, tverrslag, inntakstunnel og avlaupstunnel, samt fleire deponiområde. Inntak i Løkjelsvatnet vil vere ved eksisterande inntak eller alternativt litt lenger nord i magasinet. Dagens regulering mellom LRV 605,4 m og HRV 625,1 m i Løkjelsvatnet vert oppretthalde. Vatnet skal førast ut i eksisterande kanal ved Litledalen kraftverk. Vatnet som i dag kjem frå Hjørnåsvatnet skal framleis nyttast i dagens kraftverk i Hardeland og Litledalen. Desse kraftverka vert oppretthalde, men med nedjustert aggregatkapasitet og slukeevne.

Prosjektet fører vil gi om lag 250 000 m³ laus sprengstein som må deponerast. Massane er planlagt til nye deponiområde ved Litledalsvatnet, ved Hardeland kraftverk og ved Skarstølen, område for påhogg tverrslagstunnell. Både ved Litledalen og ved Skarstølen er det lagt fram alternative planar for tippområde, som vil ha ulike påverknad på landskapet. Alle massetipper vil bli tilpassa terrenget og det blir lagt til rette for revegetering ved bruk at lokale massar. Når det gjeld vegar vil ein nytte eksisterande vegnett, men utbygginga vi krevje nytt dekke, forsterking av bruer og utbetring av svingane på vegen mellom Litledalen og Hardeland.

Gjeldande manøvreringsreglement omfattar minstevassføring om sommaren. Regulanten har tidlegare inngått minneleg avtale med Sørrelva Elveeigarlag om frivillig minstevassføring ved vassmerket på Rygg, også resten av året. Dagens kraftverk har vore manøvrert etter denne ordninga sidan 2003.

I forslag til nytt manøvreringsreglement er det foreslått minstevassføringa i Sørrelva oppstraums utløpet av Høylandselva på 1,5 m³/s heile året. Dette vil gi meir vatn i vassdraget enn i dag.

Verneregime

Etnevassdraget er varig verna gjennom Verneplan IV, og rikspolitiske retningsliner skal leggjast til grunn for tiltak i området. Ein føresetnad for at ein kan opne for ny kraftutbygging er at verneverdiane som ligg til grunn for vernet ikkje vert berørt, og at fordelane for allmenne interesser ved tiltaket er større enn ulempene.

Etneelva er og eitt av 37 nasjonale laksevassdrag. Etnefjorden - Ølensfjorden er ein nasjonal laksefjord.

Søker sin omtale av verknader på miljø og samfunn

Formalisering av minstevassføringa vil i følgje søkjar vere tenleg for laksen, då den i større grad vil sikre nok vatn i viktige periodar for overleving og vekst for rogn og yngel. Undersøkingar knytt til prosjektet har ført til nye registreringar av de raudlista artene elvemusling og ål i Sørrelva. Utbyggjar vil søkje om nødvendig utsleppsløyve etter forureiningslova. Søkjar meiner at konsekvensane for det akvatiske naturmiljø vil vere *liten negativ* både i anleggsfase og driftsfase.

Det største visuelle endringane vil vere etablering av nye massetippar. Det er vist til alternative tippområde ved Litlevatn og Skarstøl. Konsekvensar for landskap sett til *middels negativ* i anleggsfasen.

Etnefjella er eit utfartsområde med regional verdi, både sommar og vinter. Det vert nytta til turgåing, jakt og fiske. Området er lett tilgjengeleg og det ligg fleire turlagshytter i området. Då dei nye anlegga i hovudsak vil ligge i fjell, meiner tiltakshavar at prosjektet vil ha liten innverknad på friluftinteressene. Dei merkbare effektane vil vere nye massetipper. I tillegg kjem noko lågare vasstand i Løkjelsvatnet og trafikk på vegane i anleggstida. Utbygginga vil føre til berre små endringar i vassføringa. Søkjar har sett verknader for friluftslivet til *ubetydeleg - liten negativ*.

Ein fare ved utbygginga er at det kan føre til utslepp av finstoff, kjemikaliar eller andre ureinande element i vassdraget. Særleg anleggsfasen kan føre til utvasking og avrenning frå sprengstoffmassar. Konsekvensane er sett til *middels negativ*.

Fylkesmannens merknader

Konsekvensutgreiing som ligg til grunn for opprustingsprosjektet er etter Fylkesmannen oppfatning grundig og god.

Opprustinga vil føre til at dagens reguleringar vert utnytta meir effektivt. I tillegg vil nytt manøvreringsreglement gje meir vatn i vassdraget, og sikre minstevassføring heile året, noko som er viktig for det akvatiske miljø, spesielt laks. I samband med undersøkingane har ein i tillegg påvist elvemusling i Sørrelva, ein raudlista art som var rekna som utrydda i vassdraget.

Utbygginga må ikkje føre til utslepp og ureining som vil gi negative verknader for det akvatiske miljø, der omsyn til elvemusling er særleg viktig. Ut frå dei dokumenterte verneverdiane i vassdraget legg vi til grunn at utbyggjar vil søkje utsleppsløyve etter forureiningslova.

Fylkesmannen viser vidare til forslag til avbøtande tiltak omtale i konsekvensutgreiinga. Vi er samd i dei føreslegne tiltaka. Vi vil rå til at desse vert fylgt opp i konsesjonsvilkåra og i detaljplanlegginga.

Konklusjon

Konsesjonssøknad knytt til oppgradering og utviding av eksisterande kraftverk i Litledalen vil etter vår oppfatning kunne sikre verneverdiane i Etneelva på ein god måte. Det er ein føresetnad at utbygginga ikkje fører til utslepp som vil vere øydeleggjande for det akvatiske miljø, spesielt elvemusling og laks. Omsyn til landskap, friluftsliv og opplevingsverdi må vege tungt i samband med eventuell utbygging i området.

Med helsing

Stein Byrkjeland
assisterande miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	Stavanger
Sauda kommune	Postboks 44	4201	SAUDA
Etne kommune	Postboks 54	5591	ETNE
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Haugesund turistforening	Postboks 432	5501	HAUGESUND